



Det kgl. Kunnskapsdepartement
postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

KD		
31 JAN. 2012		
Saksnr.	Doknr.	Arkivkode
201104578		-53

Vår ref.
11/302-28/K1-030, K2-A10//RUNY


Dykkar ref.

Dato:
Florø: 30.01.2012

**BRUK AV OFFENTLEG TILSKOT OG FORELDREBETALING I
IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR, HØYRINGSUTTALE FRÅ
FLORA KOMMUNE**

Vedlagt følger høyringsuttale frå Flora kommune i høve framlegg til føresegner om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar.

Med helsing


Runa Hatlenes Nybakk
Barnehagefagleg konsulent

Vedlegg: Flora kommune, Kultur og oppvekstutvalet sak 8/12



Saksgang
Kultur- og oppvekstutvalet

Møtedato
24.01.2012

Saksnr
008/12

Sakshandsamar:
Runa Nybakk

Arkiv: K1-030, K2-A10 **Arkivsaknr**
Objekt: 11/302

HØYRINGSNOTAT OM BRUK AV OFFENTLEGE TILSKOT OG FORELDREBETALING I IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR UTTALE FRÅ FLORA KOMMUNE

Kva saka gjeld:

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring framlegg til føresegner om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar.

Når statlege øyremerka midlar til barnehagedrift er overført til kommunens rammetilskot, er det kommunen som gjennom tilsynsansvaret har mynde til å etterprøve at offentlege midlar vert nytta til barnehagedrift.

Tilsynsmynde som kommunen har i dag (barnehagelova § 16) er generelt formulert, og ikkje tilpassa kommunen sitt behov for å foreta økonomisk tilsyn med tilskot og foreldrebetaling i den nye situasjonen der kommunen har ei sjølvstendig finansieringsplikt for dei private barnehagane.

Framlegg til endring i lov og forskrift tydeleggjer både barnehageeigar si plikt til å dokumentere, og tilsynsmynda sine premisser for økonomisk kontroll.

Kunnskapsdepartementet bed om merknadar til høyringa innan 1. februar 2012.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kultur- og oppvekstutvalet i Flora kommune har fått ein kort presentasjon av "Høringsnotat om bruk av offentlige tilskudd og foreldrebetaling i ikke-kommunale barnehager", og har følgjande uttale:

"Kultur- og oppvekstutvalet meiner det er viktig å sikre at likeverdig finansiering fører til likeverdig høg kvalitet i barnehagane, og at offentleg tilskot og foreldrebetaling kjem barna til gode.

Høyringsnotatet inneheld framlegg til endringar i barnehagelova og utfyllande reglar i forskrifta som er tilpassa og styrkar kommunen si rolle som tilsynsmynde, og sikrar gjennomføring av effektivt tilsyn med bruken av offentlege tilskot og foreldrebetaling:

- Lovframlegget tydeleggjer prinsippet om at offentleg tilskot og foreldrebetaling kjem barna til gode (§ 14 a).

- Barnehagen kan også ha eit rimeleg årsresultat dersom barnehagen oppfyller dei vilkåra som går fram av lovframlegget, og kan dokumentere at det offentlege tilskotet og foreldrebetalinga er brukt i samsvar med formålet.
- I den grad vilkåra i § 14. a ikkje er oppfylt, får kommunen høve til å nytte økonomiske sanksjonar overfor ikkje-kommunale barnehagar (tillegg i § 16 og ny § 16 a)
- Nytt framlegg til forskrift (økonomiforskrift til barnehagelova § 14 a fjerde ledd) sikrar at alle selskapsformer for barnehagedrift, som har ulike krav til rekneskapsrapportering, må forholde seg til ei felles forskrift med krav om delrekneskap, bokføring, og dokumentasjon av transaksjonar for den delen av verksemda som er godkjent barnehagedrift.

Kap. 6.2.7

Vi meiner at utkast til skjema for årsrekneskapsrapportering, med utvida rapporteringskrav, vil ivareta dei nye krava til dokumentasjon som lovframlegget skisserer.

Kap 10.4

Vi vil påpeike at omfanget av kommunen sitt arbeid som tilsynsmynde for ein samla barnehagesektor, og for å oppfylle finansieringsplikta overfor ikkje-kommunale barnehagar er svært omfattande. Spesielt små kommunar med få administrative stillingar, merkar ei auka arbeidsbelastning. Vi vil oppfordre til at det vert gjort ei ny vurdering av å kompensere det administrative meirarbeidet som er tillagt kommunane etter at barnehagesektoren vart rammefinansiert i 2011."

24.01.2012 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

KUOP-008/12 VEDTAK:

Kultur- og oppvekstutvalet i Flora kommune har fått ein kort presentasjon av "Høringsnotat om bruk av offentlige tilskudd og foreldrebetaling i ikke-kommunale barnehager", og har følgjande uttale:

"Kultur- og oppvekstutvalet meiner det er viktig å sikre at likeverdig finansiering fører til likeverdig høg kvalitet i barnehagane, og at offentlig tilskot og foreldrebetaling kjem barna til gode.

Høringsnotatet inneheld framlegg til endringar i barnehagelova og utfyllande reglar i forskrifta som er tilpassa og styrkar kommunen si rolle som tilsynsmynde, og sikrar gjennomføring av effektivt tilsyn med bruken av offentlege tilskot og foreldrebetaling:

- Lovframlegget tydeleggjer prinsippet om at offentlig tilskot og foreldrebetaling kjem barna til gode (§ 14 a).
- Barnehagen kan også ha eit rimeleg årsresultat dersom barnehagen oppfyller dei vilkåra som går fram av lovframlegget, og kan dokumentere at det offentlege tilskotet og foreldrebetalinga er brukt i samsvar med formålet.
- I den grad vilkåra i § 14. a ikkje er oppfylt, får kommunen høve til å nytte økonomiske sanksjonar overfor ikkje-kommunale barnehagar (tillegg i § 16 og ny § 16 a)

Innleiing:

Frå 2011 vart øyremerka statleg tilskot til barnehagedrift lagt inn i rammetilskotet til kommunane for å dekke barnehagane sine utgifter. Kommunane har nå ansvar for at barnehagelova sine krav til innhald og kvalitet vert oppfylt, til å skaffe nok barnehageplassar for å oppfylle retten til barnehageplass, og å oppfylle finansieringsplikta overfor private barnehagar i samsvar med nasjonale forskrifter.

Ved overgang til rammefinansiering vart det vedtatt ny § 14 i barnehagelova som stadfestar at kommunen skal yte tilskot til ikkje-kommunale barnehagar, og forskrift med rettslege rammer for kommunen sitt ansvar ved tildeling av kommunalt tilskot.

Gjennomgang av dagens regelverk om tilsyn, innsyn og kontroll, viser at det er behov for ein meir detaljert og samla regulering for å sikre at offentleg tilskot og foreldrebetaling skal komme barna i barnehagen til gode.

Reglane i dag er utforma med sikte på tilsyn med barnehagens kvalitet i ein sektor med øyremerka statstilskot, og er ikkje lagt til rette for eit økonomisk tilsyn i ein rammefinansiert barnehagesektor.

Gjeldande forskrift omfattar ikkje reglar for korleis tilskot eller foreldrebetalinga skal brukast, dokumentasjonskrav til barnehagedrifta, reglar som gjev tilstrekkeleg heimel for kontroll av tilskot eller reglar som gjev kommunen hensiktsmessige økonomiske sanksjonar ved brot på regelverk.

Vurdering:

I høyringa legg Kunnskapsdepartementet fram eit lovframlegg som tydeleggjer prinsippet om at offentleg tilskot og foreldrebetaling skal komme barna til gode.

Med nye lovendringar vert det nå lagt betre tilrette for at kommunen kan føre eit effektivt tilsyn med at det offentlege tilskotet og foreldrebetalinga vert nytta i samsvar med formålet. Dette vert gjort ved at ikkje-kommunale barnehagar, uavhengig av selskapsform for barnehagedrift, må legge fram delrekneskap for den delen av barnehagedrifta som er godkjent barnehagedrift.

Tydelegare plikter/dokumentasjon knytt til rekneskapsrapportering, revisorattestasjon og anna dokumentasjon som tilsynsmynda treng for å utøve tilsynsansvaret, er viktige både for tilsynsmynda sitt vurderingsarbeid, og barnehageeigar sin rettssikkerheit.

Lovendringa gjev kommunen økonomiske reaksjonsmuligheiter dersom barnehageeigar ikkje kan dokumentere at det offentlege tilskotet og foreldrebetalinga er brukt i samsvar med formålet.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
9	I	25.10.2011	Det kgl. Kunnskapsdepartement	Høyring av framlegg til lov- og forskriftsføresegner om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar	

- Nytt framlegg til forskrift (økonomiforskrift til barnehagelova § 14 a fjerde ledd) sikrar at alle selskapsformer for barnehagedrift, som har ulike krav til rekneskapsrapportering, må forholde seg til ei felles forskrift med krav om delrekneskap, bokføring, og dokumentasjon av transaksjonar for den delen av verksemda som er godkjent barnehagedrift.

Kap. 6.2.7

Vi meiner at utkast til skjema for årsrekneskapsrapportering, med utvida rapporteringskrav, vil ivareta dei nye krava til dokumentasjon som lovframlegget skisserer.

Kap 10.4

Vi vil påpeike at omfanget av kommunen sitt arbeid som tilsynsmynde for ein samla barnehagesektor, og for å oppfylle finansieringsplikta overfor ikkje-kommunale barnehagar er svært omfattande. Spesielt små kommunar med få administrative stillingar, merkar ei auka arbeidsbelastning. Vi vil oppfordre til at det vert gjort ei ny vurdering av å kompensere det administrative meirarbeidet som er tillagt kommunane etter at barnehagesektoren vart rammefinansiert i 2011."

Terje Heggheim
Rådmann

Guri Langaas
Kommunalsjef